

Helge Sandøy

OPNING AV KONFERANSEN

Målet med denne konferansen er å styrke den vitskaplige disiplinen 'språkplanlegging'. Vi arrangerer ikkje konferansen fordi vi står på bar bakke i Norge innafor denne disiplinen. Her i landet trur eg vi kanskje har relativt mye refleksjon kring språkplanlegging pga. den språkpolitiske situasjonen vår. Språkpolitikken er ein del av kulturhistoria vår, og er blitt ein del av den nasjonale identiteten vår. Den språkpolitiske situasjonen har tvinga på oss eit språklig perspektiv som nettopp kan vante i andre land. Det har gitt mange nordmenn ei nyttig innsikt i forholdet mellom språk og samfunn.

Språkplanlegging er ein internasjonal vitskap. Det bildet ein får f.eks. gjennom informasjonsbladet *Language Planning Newsletter* er at interessene elles i verda innafor språkplanlegging i stor grad dreiar seg om språktekniske problem og større samfunnsorganisatoriske spørsmål – som naturlig er i dei mange landa som strevar med både å kodifisere eit skriftspråk og å spreie skrive- og lesekunne i folket. Å eksperimentere med eit etablert språk er ikkje så vanlig – men likevel ikkje eineståande.

Å framheve Norge på denne måten kan nok verke som sjølvskryt. Men eg opnar slik for å understreke at konferansen ikkje er tenkt som noe oppgjør med norsk språkpolitikk og språkplanlegging. Det vi ønskjer er ei sterkare fagliggjøring.

Den språkpolitiske situasjonen vår kan ha gitt oss visse avgrensinger. Eg vil i den samanhengen referere frå eit instituttseminar i Bergen: Litteraten Leif Longum kritiserte der språkvitarane for å ha drive altfor lite fagkritikk. Det kunne nok fleire vere einige med Longum i. Ei interessant tolking av situasjonen var at språkvitarane i Norge lett løysar dilemmaet i kontakten mellom politikk og vitskap med å legge engasjementet sitt til to ulike arenaer: Vitskapen til instituttarbeidet, språkpolitikken til språkpolitiske organisasjonar. (Sjå

Eigenproduksjon nr. 35 (1989), artiklar av Leif Longum og Lars S. Vikør.)

Eg trur denne tolkinga har mye for seg. Å dele engasjementet sitt på to åtskilde arenaer, gjør på mange måtar livet lettare. Ein har sett ei enkel grense mellom fag og politikk, og ein treng ikkje vere like redd for å blande saman to sfærar – for dét ville jo vere ein kardinalfeil! Men konsekvensen er at det blir umulig både å sjå det politiske aspektet ved det faglige arbeidet og å gjøre politikken til eit studieobjekt. Innafor vårt fag er det tradisjon for å avvise problemstillingar og skriftlige arbeid som 'politikk' – i tråd med logikken ovafor med dei to arenaene. Innafor samfunnsfaga har vitskapsfolka lært seg å gjøre politikken til objekt for systematiske og opne drøftingar. Språkvitarane lèt derimot politikken vere politikk, som dei prøver å vaske av hendene sine når dei skal vere truverdige vitskapsmenn.

Det vil vere ønskjelig om vi desse to dagane ikkje oppfattar kvarandre som politiske talsmenn. Politikken skal ikkje vere målet, men studieobjektet. Engasjement ut ifrå ideologiar set avgrensingar til perspektiva. Ideologiar er normative, eller prescriptive. Vi ønskjer innsiktsgivande deskripsjon.

Eit viktig spørsmål for oss er dette stadige: Kva er språk? Kva slags objekt eller fenomen er det vi prøver å studere? Som arrangørar har vi tatt utgangspunkt i omgrepene 'normer' og 'ideologiar'. 'Språk' er normer, endatil *ulike typer* normer. Men kva er så normer?

Om ein spør slik, kan det hjelpe oss til å forstå korleis *språket* oppfører seg? Og korleis *språkbrukarane* oppfører seg? Gir det oss innsikt i mulighetene for å planlegge språk? Til å diskutere korleis ein kan stille opp mål for planlegginga?

«Den intelligente leser» har nok oppdaga at det er ein tråd i programmet for konferansen: Frå det generelle og abstrakte til det konkrete. Frå normer til ideologiar, og vidare til prinsipp og rettskrivingsvedtak. Om det er mulig også i praksis å ha ei linje mellom det overordna og prinsipielle på eine sida og det detaljerte på hi, får vi sjå etter kvart som foredragene blir presentert og diskusjonen utviklar seg.

Dei fleste av oss på denne konferansen kjenner kvarandre godt gjennom mye samarbeid. Det gjeld òg dei fleste innleiarane. Vi er

som ein norsk nordist-klubb. Men her skal vi ikkje heilt ut vere oss sjølve nok. Til å hjelpe oss med perspektivet i diskusjonane har vi henta hjelp utafrå: frå eit anna fag, filosofi, og to frå eit anna land, Danmark. Dei er spesielt velkomne til konferansen. Men det står opp til oss alle å få det meste og beste ut av inspirasjonen – gjennom debattar og samtalar.

Dermed er alle hjertelig velkomne til Geilo og klår fjelluft!